

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk	25.09.2007	JHB	073/07
Kommunestyret	10.10.2007	JHB	090/07

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Jens H. Bjordal	JHB	N-548	07/1525

SALAR AS - UTFØRTE TILTAK I RYLANDSVATNET.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.04.2007	Norges Vassdrags- og Energidirektorat	REGULERING AV RYLANDSVASSDRAGET - REFERAT FRÅ MØTE 17.04.07.
3	I	16.09.2007	Midtre Holsnøy Grunneigarlag v/Bjarte Skintveit	KLAGE PÅ MELAND KOMMUNE SI HANDSAMING AV INNTAKSLEIDNING I RYLANDSVATNET.

Vedlegg

Saksutgreiing:

Komiteén ynskte i sist møte å få høve til å vurdere dei miljømessige sider ved den utbygging Salar Smolt AS har utført i Rylandsvatnet med utbygging av demningar, vassrøyr i elva m.m. Som vedlegg til saka følgjer NVE sitt møtereferat etter eit møte på Rosland 17.04.07 der desse spørsmål vart drøfta.

Vurdering:

Etter forskrift til Plan- og bygningslova om saksbehandling og kontroll § 7 pkt. 1 b jf.pkt. 2 a, er tiltak som er vurdert i konsesjon etter vassdragslova ikkje søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Vedk. som gir konsesjon skal sjå til at tiltaka vert gjennomført i samsvar med godkjenninga. Kommunen har såleis korkje rett eller plikt til å vurdere desse tiltaka som NVE har gitt konsesjon for.

Etter avtale med Salar Smolt as er Komiteén velkommen til synfaring.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Komiteen føretar synfaring.”

25.09.2007 KOMITE FOR KOMMUNALTEKNIKK - MILJØ OG LANDBRUK

Komitéen føretok synfaring før framlegg til vedtak vart fatta.

Leiar i KML delte ut dokument nr 3 i saka.

KML-073/07 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk. Eitt av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land. Leidningen vart lagt ned i 2006. Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen.

Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmaende og til hinder for aktivitetar som fiske. Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde.

Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001.”

10.10.2007 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H:

”Saka vert avvist.”

Avrøysting:

Framlegget frå Ragnar Bratland, H, fekk 1 røyst for (H), 24 røyster mot, og fall. Framlegget frå KML fekk 24 røyster for, (1Uavh, 4H, 2V, 2Sam, 2SP, 4KrF, 3 FrP, 6 AP), 1 røyster mot, og er såleis vedteke.

KS-090/07 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

”Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk.

Eitt av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land.

Leidningen vart lagt ned i 2006.

Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen.

Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmande og til hinder for aktivitetar som fiske.

Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde.

Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Midtre Holsnøy Grunneigarlag v/Bjarte Skintveit
Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Salar Smolt AS
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk
Komm.avd. for natur - næring og tekniske
tenester
Vasslaget v/Lars Skintveit